

Mange kilo oppskoren mat kunne gått fløyten om folk ikkje hadde møtt opp til utedag i parken i Norheimsund onsdag. Arrangørane trong ikkje uroa seg.

BÅRD VALVATNE

valvatne@hf.no

– Eg tippar det må vera minst 150 gjester, og det er over all forventning. Me hadde eit håp om at det skulle koma så mange, men me hadde nesten ikkje våga å tru at det skulle skje, fortel folkehelsekoordinator i Kvam herad, Reidun Braut Kjosås.

– Folk er travle og har andre ting å ta seg til på ein vanleg onsdag. Ein halv time før arrangementet byrja la me ein reserveplan: Om ingen møtte opp, fekk me invitera arbeidarane som bygger leilegheitene ved Hardanger brygge, til å hjelpa oss med å eta opp maten. Det var ikkje naudsynt, fortel seier dagleg leiar Sidsel Haugen i Grannehjelpa.

Friluftsmoro

Mat og moro under open himmel var det offisielle namnet på arrangementet. Som med dei andre arrangementa i Kvammaveko, står Kvam herad, Grannehjelpa og Mental helse Kvam bak. Haugen fortel at fleire tankar låg bak.

– Kvammaveko handlar om psykisk helse, og temaet i år er «noko å gle seg over». Det å vera ute saman er noko mange nordmenn finn mykje glede i. Målet med arrangementet er å visa kva ein kan gjera ute ein ettermiddag i oktober, seier Haugen.

– Me ønskjer også å visa korleis ein kan bruka uteområda i Norheimsund. Du treng ikkje reisa på fjellet for å driva med friluftsliv. Dessutan tenkjer me at det er viktig å ha eit spenn i aktivitetane i Kvammaveko. Dette arrangementet skil seg ut frå dei andre aktivitetane og tiltrekker seg kanskje andre enn fleire av dei andre arrangementa, seier Kjosås.

Mat og aktivitetar

Ein viktig del av arrangementet var matlagning i det fri. Arrangørane hadde kjøpt inn og kutta opp store mengder med grønnsaker, fisk og pølser. Gjestene kunne plukka fritt og laga sin eigen foliepakke som vart steikt på ein av grillane som var sette opp.

I tillegg til å föra gjestene hadde arrangørane laga til rikeleg med moglegheiter for å få brent kaloriar. Kvam turlag arrangerte ein natursti for dei som ville spasera litt etter maten. Laget hadde også rigga til ei stram line for dei som i staden ønskte å trenast balanseorganane. Eit nytt permanent bordtennisbord vart sett opp tidlegare denne veka. Medlemer frå Hardanger bordtennisclubb var til stades for å vera sparringpartnarar for dei som ønskte å prøva bordet.



Mat: Astrid Holmefjord og dottera Mari Holmefjord Tyssen lagar foliepakkar til grillen.



Sparring: Tommas Selvik Undal (t. h.) prøver det nye bordtennisbordet i parken. Leiar i Hardanger bordtennisclubb, Jack Feng, melde seg som sparringpartnar.



Dart: Anne Karine Sandven konsentrerer seg om å traffa dartskiva.



Moro: Lilly Alida Eikrem (t.v.) og Hanna Trones gjorde det dei kunne for å vinna sekkeløpet.



Heimebakst: Anna Sofie Eikrem (t.v.) og Vilde Eide Skeie prøvesmakar pinnebrød dei har steikt sjølve.



Hjelparar: Om lag tretti elevar frå Framnes kristne vidaregåande skule hjelpte til med arrangementet. Andreas Aanstad (t. v.), Eline Helgøy Wingaard og Silje Grasdal varmar seg på ein av grillane.

Stimla til parken mat og moro i parken



Haugen fortel at alle står fritt til å bruka bordet. Dei som ikkje har bordtennisracketar, kan låna gratis på biblioteket i Norheimsund, Grannehjelpa eller Thon Hotel Sandven, fortel ho.

Norheimsund speidargruppe

Balanse: Kjersti Hjartnes (t. v.) hjelper systera Henriette med å halda seg på den stramme lina.

var til stades. Medlemer frå speidaren hadde sett opp ein gapahuk. Dei gav deltakarane høve til å prøva å tenna bål og steikja pinnebrød.

Gode hjelparar

Dei viktigaste hjelparane til arrangementet var om lag tretti frivillige frå Framnes kristne vidaregåande skule.

– Dei fungerte som vertar på arrangementet, og har teke hand om mykje av planlegginga og gjennomføringa. Utan deira innsats hadde det vore vanskeleg å få

dette til, fortel Haugen.

Kjosås og Haugen minner om at det store høgdepunktet i Kvammaveko kjem i idrettshallen i Øystese i morgon. Der vert det allsong, aktivitetar for store og små, gratis risengrynsgraut og ikkje minst utdeling av eldsjelprisen. Dei som ønskjer å vera ute, får høve til å delta på Øystesetrimmen.